



Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/1740-2

Internasjonalt arbeid - Oppnemning av politisk representant til Marin ressursgruppe i Nordsjøkommisjonen

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Som svar på førespurnad frå sekretariatet i Nordsjøkommisjonen vil fylkesutvalet peike ut ein politisk representant til arbeidet i Marin ressursgruppe.
2. Mandatet skal vare ut valperioden.
3. Erfaringar frå deltagkinga i gruppa skal summerast opp og formidlast tilbake til fylkesutvalet før valperioden er omme – dette for å sikre erfaringsoverføring og læring i organisasjonen.
4. Til å delta i Marin ressursgruppe, vert tilrådd vald

Dokument som ikkje ligg ved:

1. Notat til HNK og FU (møte 25.01.17) om Europeisk samarbeid, arenaer for finansieringskjelder.
2. FT sak 32/13 Internasjonal strategi 2014-2017.
3. FU-sak 115/12 Politisk deltaking i Nordsjøkommisjonen.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått melding frå sekretariatet i Nordsjøkommisjonen (North Sea Commission) om å registrere kontaktpersonar, både politiske og administrative, til tematiske grupper og til Nordsjøkommisjonen generelt.

Historikk - tidlegare vedtak

FT sak 32/13 Internasjonal strategi 2014-17 for Sogn og Fjordane fylkeskommune; her er Nordsjøkommisjonen peika ut som ei av dei internasjonale arenaene fylkeskommunen bør engasjere seg i.

FU-sak 115/12 Politisk deltaking i Nordsjøkommisjonen; det vart her oppnemnd politikarar (med vara) frå fylkesutvalet for å følgje arbeidet i to tematiske grupper.

Sentrale problemstillingar

Fylkeskommune er medlem av CPMR (Conference og Peripheral maritime Regions), og gjennom denne medlemskapen også av Nordsjøkommisjonen - som er det geografiske området med naturleg tilknyting til fylket. Nordsjøkommisjonen er ein politisk organisasjon, der arbeidet m.a. er organisert gjennom tematiske faggrupper innan prioriterte område. Dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen er:

- Energi og klimaendring

- Transport
- Marin ressursgruppe
- Attraktive og berekraftige lokalsamfunn

Gjennom fleire år har fagpersonar frå sentraladministrasjonen følgt arbeidet i fleire tematiske grupper. I marin ressursgruppe har dette engasjementet vore stabilt over ein 10-års periode. Denne saka vert difor først og fremst retta mot deltaking frå politisk nivå til denne gruppa.

Pr. i dag er fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes vara til styret i Nordsjøkommisjonen.

I førre periode vart det gjennom vedtak i FU peika ut kandidatar til politiske posisjonar med varapersonar til Innovation and education group (denne finst ikkje lenger) og til Marine resources group, samt visepresidentkandidat i Culture and tourism, ein posisjon som då var ledig. I etterkant synte det deg at ikkje alle dei oppnemnde prioriterte desse verva.

2. Vurderingar og konsekvensar

Då fylkeskommunen allereie er medlem i Nordsjøkommisjonen, bør det vere i vår interesse å utvikle denne arenaen for politisk påverknad og samarbeid på tvers av fylkes- og landegrenser.

Dei tematiske gruppene har dei seinare åra vore vinkla meir mot politikkutforming og politisk påverknad (særleg retta mot EU, men også t.d. mot U.K. i sak om utslepp frå Sellafield) og mindre mot fag. Mangel på politisk deltaking kan ha gjort sitt til at utbyttet frå temagruppene ikkje vert optimalt. For å ivareta Sogn og Fjordane sine interesser trengst det involvering – både politisk og administrativt. I marin ressursgruppe er vi utan politisk representasjon, medan nokre andre fylke berre har politisk representasjon.

I vår internasjonale strategi er det sagt at internasjonalt arbeid bør vere kopla til og vere ein naturleg del av fylkeskommunen sitt pågående arbeid. Deltaking i marin ressursgruppe vil stø opp under den marine satsinga i Verdiskapingsplanen.

Vi har no fått førespurnad frå sekretariatet på å nemne opp kontaktpersonar. Det vil vere naturleg at om vi peiker ut ein politisk kontaktperson så bør vedkomande også ha deltakande rolle i Nordsjøkommisjonen.

Det kan slikt sett vere rett å peike ut ein politisk representant som kan følgje arbeidet i marin ressursgruppe saman med fagperson i sentraladministrasjonen.

For å sikre regelmessig deltaking og engasjement, er det positivt at den som vert oppnemnd har ei interesse for det som skjer innan marin sektor (i vid forstand). Som døme på tema som har vore oppe i gruppa er kystsoneplanlegging, sårbare kystsamfunn, rekruttering til marine næringar, EUs utkastpolitikk, fiskekvoter og offshore vindenergi.

3. Konklusjon

Sekretariatet i Nordsjøkommisjonen har bede om namn på politisk(e) kontaktperson(ar) i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I ei ev. tilbakemelding bør FU peike ut ein politisk representant som skal følgje arbeidet i ei tematisk faggruppe.

Fylkesrådmannen konsentrerer seg i denne saka om representant til Marin ressursgruppe, då det er i denne gruppa vi har hatt lengst tradisjon for deltaking og fordi arbeidet i denne gruppa er ei klar internasjonal forlenging av tema som vi allereie er engasjert i.

Mandatet bør vare ut valperioden. Erfaringar frå deltakinga bør summerast opp og formidlast tilbake til FU før valperioden er omme. Slik kan vi sikre erfaringsoverføring og læring i organisasjonen.